

SOGN OG FJORDANE TEATER

YOGAKRIGEN



YOGAKRIGEN

Urpremière

**Pust med magen og legg att bekymringane dine utanfor døra.
Du er god nok, akkurat slik som du er.**

«Pokker ta ho megga som alltid kjem for seint. Og ho der med skilpaddetatoveringa, det er no vel aldri ... kona hans? Ho som står i veggen for mi lukke?».

Før møttest kvinner rundt kjøkkenbordet og snakka saman, no går dei på yoga og snakkar ikkje saman i det heile tatt. Men i tankane brølar dei. I tankane går dei til åtak på kvarandre og ikkje minst seg sjølve med sleivete kommentarar og emosjonelle molotov-cocktailar. Tenk deg at du kan sjå begge desse parallelle røyndomane - både yogaen og krigen - skje på ein og same gong framfor deg på scena. Kva er verkeleg, og kva er draum? Kva blir sagt, og kva blir tenkt?

I dette stykket er publikum invitert inn i black-boxen i ein yogatime saman med fem damer som alle har sitt å stri med. Ei er åleinemor og lever på fattigdomsgrensa. Ho har fått gratis

prøvetime og synest det heile er uvant og temmeleg rart. Ei anna har ei positiv tilnærming til det meste og er alltid på topp.

Ei tredje er redd for at ho krympar og kjem til å forsvinne heilt. Ei fjerde eser utover og blir berre større og større. Ho orkar knapt å gå tur med hunden og ser nesten aldri mannen sin, som joggar heile tida. Til slutt er det yogainstruktøren. Ho har minst ro av dei alle.

Yogakrigen er ny, nynorsk dramatikkk med urpremière på Sogn og Fjordane Teater. Det er ei drøymande, assosierande framsyning innanfor rammene av ein streng disiplin. Kvinnene går på yoga for å sleppe unna kvardagen for ei stund. Men på matta er det kvardagen som står i djup strekk med musklar som dirrar under presset. Ein og annan hjernepromp slepp ufriwillig ut. Og ingenting er vel meir morosamt enn hjerneprompar og andre forsnakkingar.



Idun
Losnegård



Linn
Løvvik



Nina
Voxholt



Oda Kirkebø
Nyfløtt



Reidun Melvær
Berge

AV
**INGRID JØRGENSEN
DRAGLAND**

REGI
AUDNY CHRIS HOLSEN

KOREOGRAF
SIGRID EDVARDSSON

LYSDESIGN
KRYSTIAN MYSKA

MEDVERKANDE
**IDUN LOSNEGÅRD
LINN LØVVIK
NINA VOXHOLT
ODA KIRKEBØ NYFLØTT
REIDUN MELVÆR BERGE**

TURNÉ

DALE, FJALERHALLEN
13. september kl 19.00
14. september kl 17.00

ATLØY KULTURHUS
18. september kl 19.00

BULANDET SKULE
19. september kl 19.00

BREKKE, RISNEHALL
20. september kl 19.00

LAVIK SKULE
21. september kl 19.00

ÅLHUS, BORGJA
22. september kl 18.00

ÅRDAL KULTURHUS
25. september kl 19.00

SOGNDAL KULTURHUS
26. september kl 19.00

LEIKANGER, SAFTEN
27. september kl 19.00

HØYANGER SAMFUNNSHUS
28. september kl 19.00

FLORA SAMFUNNSHUS
29. september kl 18.00

HAUGE, BREMANGERHALLEN
2. oktober kl 19.00

HONNDALSHALLEN
3. oktober kl 19.00

INNVIK, STYRKHALLEN
4. oktober kl 19.00

FØRDEHUSET, TEATERSALEN
5. oktober kl 19.00
6. oktober kl 18.00

BILLETTAR
softeater.no/billetter

EG ER I GÅR

Urpremière 27. oktober



Rein Design

Alvhild og veslesøstera rotar rundt i høyet på jakt etter kattungar når fingrane plutseleg treff kaldt stål. Dei finn skytevåpena som brørne i motstandsørsla har gøymt. Dei veit godt at dei ikkje må snakke om det, at det er farleg. Likevel snappar tyskarane det opp. Søstrene blir henta av soldatar og avhøyrd på Gestapo-skøyta som ligg til kai i Florø. To av brørne blir sende til konsentrasjonsleir, og éin må gøyme seg i fjellet. Alle tre overlever krigen. Men den eine blir aldri meir seg sjølv.

Historia er sann, fortalt av hundreåringen Alvhild Stafnes. Ho har alltid følt skuld for det som skjedde. Som den eldste av søstrene skulle ho ha passa betre på, meiner ho. Det er den personlege krigen i krigen.


«Eg er i går» er basert på intervju med eit knippe av fylkets seniorar i alderen frå nokre-og-sytti til 100 år. Dei er den siste krigsgenerasjonen. Åra under tysk okkupasjon pregar livet deira, men det er langt ifrå det einaste dei har på lager. Dei fortel om forelsking, lyden av barneføter, det første fjernsynet. Dei bygde vegar som batt grendene i lag, dei bygde landet.

Menneske i svart-kvitt. Det er slik vi ser dei for oss, dei som har levd ei stund og ikkje lenger går så fort framover. I denne framsyninga deler dei rundhanda av røynslene sine, og det er ei gåvepakke til oss som kjem etter. Vi får kunnskapen vi treng for å forstå kvar vi kjem frå, og denne kunnskapen kan vi i tur dele vidare. Ein vakker dag er det vi som er i går.



MANUS **BODIL KVAMME** OG **JANNE KARIN STØYLEN** REGI OG VISUELT UTTRYKK **BODIL KVAMME**
KOREOGRAF **HILDE SOL ERDAL** LYSDESIGN **KRYSTIAN MYSKA**
MEDVERKANDE **ANLAUG BØRSHEIM, CLAUS SELLEVOLL, KYRRE EIKÅS OTTERSEN, MARIT ØSTBYE**
OG **DANSARAR FRÅ NORDFJORD, SUNNFJORD OG SOGN**

FØLG OSS PÅ:



Sjå softeater.no for meir informasjon.

*med atterhald om endringar

SoFT
Sogn og Fjordane Teater